

Mo 09.03.2017

Merknader til nabovarsel angående dispensasjonssøknad for byggjeprojekt på eigedom 76/103 Kjersti Vetlejord Børø og Roy Feirud.

- Søkjar må forhalde seg til byggjegranser i reguleringsplanen for Kyrkjeteigen. Dette av di plassering av huset vil påverke trafikktryggleiken, det vil og kunne påverke vedlikehald av vegen og det kan og skape presedens for vidare byggjing i regulerte område i Modalen.
- Mønehøgde og gesimshøgde er 1,9 m over maks fastsett gesimshøgde i reguleringsplan. Denne høgda vil vere til sjenanse for næraste naboar grunna mykje innsyn og forringa soltilhøve. Me meiner at byggjeskikken ikkje er fylgd ved at huset har den gitte høgden. Ein må sjå vekk frå hus bygd før den gjeldande reguleringsplan når det gjeld vurdering av byggjestil på nye bustader.
- Utkøyrsløse frå tomte bør endrast grunna trafikktryggleik og leggjast til kommunal veg frå 76/85 og 76/102.
- Takvinkelen på huset er motsett til nabohusa, dette vil etter vår meining ikkje vere estetisk fint. Huset bør snuast med veranda/carport mot søraust. Dette vil føre til at søkjar får meir sol på veranda og ta mindre sol frå naboar, spesielt for 76/102. Ved å snu huset ser det ut for oss til at ein klarer å byggje innanfor byggjegransene.
- Storleiken på carport er ca 60 m², dette er 20 m² meir enn reglane i reguleringsplan tilseier.
- I gjeldande reguleringsplan skal det ikkje byggjast hus som har fleire enn 2 etasjar. Alle hus bygd på Kyrkjeteigen etter gjeldande reguleringsplan, er utan 2 fulle etasjar, men med 1 etasje og 2 etasje har skråtak og difor vert det ikkje så ruvande.

Me tykkjer det er flott at fleire vil byggje i Modalen og ynskjer alle velkomen, men ein bør tilpasse bygget etter tomte, vise omsyn til naboar, og forhalde seg til vedtektene i gjeldande reguleringsplan.

Med vennleg helsing

Gro Henny Mo og Kjetil Eikefet